

**Notat**

Dato: 30.10.2019  
Saksnr: 2019/59-1  
Saksbehandlar: Marielle Solheim

---

**Til:** Fylkeseldrerådet

---

**Frå:** Prosjektleiar

---

## Reglement for folkevalde organ og delegering

Folkevalde organ i Vestland fylkeskommune skal ha eit reglement som fastset verkeområde, vedtaksmynde og andre sentrale føresegner for organet. Kommunelova set vidare krav om utarbeiding av eit saksbehandlingsreglement, eit delegeringsreglement, eit økonomireglement og eit finansreglement.

Reglementa set rammene for all politisk verksemd, mynde- og rollefordelinga innbyrdes mellom dei folkevalde organa, og mellom dei folkevalde organa og administrasjonen.

Fylkestinget vedtok i møte 15.-16. oktober 2019 reglementa slik dei ligg føre [her](#) (direktelenkje).

Av særskild relevans for fylkeseldrerådet er reglement for medverknadsorgana (s. 29) og reglement for saksbehandling (s.31). Sistnemnde så langt det passar.

